



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 26.06.2014

Vår ref.: 201402607-2

Arkiv: 312 / 051.2Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Magne Geir Verlo (mgv@nve.no)

22 95 95 34

Høyring – søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Lang-Sima kraftverk - Ulvik herad og Eidfjord kommune - Hordaland

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi om konsesjon til overføring av Våtekleivbekkane til Floskefonnvatnet og utnytting i Lang-Sima kraftverk.

Våtekleivbekkane drener naturleg til Norddøla i Osavassdraget. Bekkane passerer eksisterande overføringstunnel mellom Skrulsvatn og Floskefonnvatn. Planane går ut på å bore to kortare sjakter ned i overføringstunnelen og leie vatnet ved hjelp av inntakstersklar på ca kote 1155 ned i overførings-tunnelen. Frå Floskefonnvatnet renn vatnet til Austdølnutvatnet og vidare til Langvatnet som er inntaksmagasin for Lang-Sima kraftverk. Det er utrekna ein energiveinst på ca 6,1 GWh/år som blir innvunne i Lang-Sima kraftverk.

For ytterlegare utgreiing om tiltaket vert det synt til søknaden og konsekvensvurderinga.

Søknaden gjeld konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 2 og vert handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6. Den blir kunngjort av NVE, og kopi av kunngjeringa følgjer vedlagt.

Søknaden med konsekvensvurdering er tilgjengelege på internetsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyingspartane ønsker ein papirversjon av søknaden og konsekvensvurderinga kan dei kontakte Statkraft Energi v/Rolf Y. Janssen pr. e-post: rolf.janssen@statkraft.com eller tlf 53 67 30 60.

NVE viser elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva NVE ønsker tilbakemelding på.

NVE ber Ulvik herad om å kunngjere saka på sine heimesider. Kommunen vil få tilsendt to eksemplar av søknaden med konsekvensvurdering pr post og vi ber om at desse vert lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunehuset fram til **15. oktober 2014**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner kan sendast enten via internett www.nve.no/Vannkraft, eller nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast **15.10.2014**.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29 Postboks 5091, Majorstuen 0301 OSLO	Vestre Rosten 81 7075 TILLER	Kongens gate 14-18 8514 NARVIK	Anton Jenssensgate 7 Postboks 2124 3103 TØNSBERG	Naustdalsvn. 1B Postboks 53 6801 FØRDE	Vangsveien 73 Postboks 4223 2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internetsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Magne Geir Verlo
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Vedlegg: 2 Kopi av kunngjering
 Informasjonsark om sakshandsaminga

Kopi: Statkraft Energi AS, Postboks 200 Lilleaker, 0216 OSLO

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag, Tverrgaten 4-6, 5017 BERGEN
Eidfjord kommune, Simadalsvegen 1, 5783 EIDFJORD
FNF Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hardangervidda Grunneigarlagskipnad, c/o Viken Skog
Storgata 11, 3510 HØNEFOSS
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
NJFF – Hordaland, Tverrgaten 4/6, 5017 BERGEN
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland, Postboks 280, 5751 ODDA
Osa Grunneigarlag v/Ivar Osa, 5730 Ulvik
Ulvik Herad - Teknisk etat, 5730 ULVIK

Vedlegg

Norges vassdrags- og energidirektorat kunngjør

Søknad om overføring av Våtekleivbekkane til Langvatnet – Ulvik herad og Eidfjord kommune

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi AS om konsesjon for overføring av Våtekleivbekkane på Osafjellet i Ulvik herad til Langvatnet i Eidfjord kommune.

Terrenginngrepa knytt til søknaden omfattar boring av to kortare sjakter og bygging av tersklar om lag kote 1155 i Våtekleivbekkane for å leie vatnet inn i eksisterande overføringstunnel mellom Skrulsvatnet og Floskefonnvatnet. Vatnet vil deretter bli ført via Austdølnutvatnet til Langvatnet som er inntaksmagasin for Lang-Sima kraftverk. Det er utrekna ein produksjonsauke i Lang-Sima kraftverk på om lag 6,1 GWh/år.

Søknaden gjeld konsesjon etter vassdragsreguleringslova § 2 og blir handsama etter § 6 i same lov.

Søknaden med rapport om konsekvensvurdering er tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunehuset Ulvik fram til 15.oktober 2014. Den kan også sjåast hos Statkraft Energi i Eidfjord.

Om ønskjeleg kan ein få papirversjon av søknaden ved å kontakte Statkraft Energi v/Rolf Y. Jenssen pr. e-post: rolf.jenssen@statkraft.com eller tlf 53 67 30 60 / 24 06 70 00.

Merknader skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/vannkraft, eller pr. e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE - Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **15.10 2014**.



SAKSHANDSAMINGSRUTINAR VED SØKNAD ETTER VASSDRAGS-REGULERINGSLOVA UTAN KONSEKVENSUTGREIING

Generelt

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt etter vassdragsreguleringslova (reguleringslova). Reguleringar av magasin og overføring av vatn som gir ei kraftauke utover 500 naturhestekrefter (eller 3000 naturhestekrefter i heile vassdraget) blir handsama etter reglane i reguleringslova. Tilleggsoverføringer eller –reguleringar blir handsama etter reguleringslova utan omsyn til storleik. NVE kan ikkje fatte vedtak etter reguleringslova, men skriv tilråding til Olje- og energidepartementet (OED).

Prosjektet fell ikkje inn under reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/vannkraft-ku.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst tre månader. Saka blir kunngjort i lokale avisar, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil NVE i mange saker (avhengig av omfanget av saka) invitere til ei synfaring i samarbeid med søkjar. Kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE vil deretter gi si tilråding i saka til OED. Ved ei totalvurdering står NVE fritt til å vurdere om konsekjon skal tilrådst og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsekjon, vil forslag til konsekjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsekjonstid, revisjon av vilkår, konsekjonsavgifter til staten og kommunar, konsekjonskraft, godkjenning av detaljplanar for

utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved ev. brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsekjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspent overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsekjonar etter at reguleringslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskjeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Fylkesmannen og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via våre nettsider, www.nve.no/vannkraft.

Rett til motsegn

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til Rettleiar 3/2010 s. 17 for nærmare informasjon om dette (se www.nve.no/vannkraft-ku).